

Referat 16.08.2021 KKL

Dok. ref.:	20/11345-97	Møtedato/ Tid:	16.08.2021 09:00
Stad:	Øygarden rådhus & Microsoft Teams	Møtenr.:	
Referent:	Thomas Bekkenes		
Til stades:	Tom Georg Indrevik, Jens Even Eikås, Line Barmen, Rune Landro, Anne Erdal, June Johannesen, Stein Inge Stigen		
På Teams:	Anne-Merete Vabø Haugane, Bjørn Erik Kristiansen, Tove Helleland		

SAKSLISTE

Punkt til behandling	Beskriving/status/oppfølging	Konklusjon
Nærkontakt til smitta: Fullvaksinerte tilsette i institusjonar, heimesjukepleie og Menneske med nedsett funksjonsevne, (MMNF)	Personar som er fullvaksinert kan likevel bli smitta og vera smitteberande. Sjølv om dei fleste bebuarar i institusjonane våre samt de eldste innbygarane våre er fullvaksinerte ,er det likevel ein del av desse som av forskjellige årsaker ikkje er vaksinerte/fullvaksinerte. Desse vil da vera ekstra sårbare ved eit eventuelt smitteutbrot i sitt nærmiljø.	Dei som er fullvaksinerte og er blitt identifiserte som nærkontaktar av smittesporingsteamet, har fått beskjed av leiar om å ikkje møte på jobb sjølv om dei etter gjeldande reglar ikkje har karanteneplikt. Dette etter avgjersle frå kommuneoverlegen. Slik smittesituasjonen er pr. tid i kommunen med auka smittetrykk, er det ønskeleg at alle einingar innan sjukeheimar , heimesjukepleie og tilsette som jobbar med MMNF følgjer denne anbefalinga om å ikkje møte på jobb viss de er definerte som nærkontaktar av smittesporingsteamet. Ny vurdering kjem innerværande veke. KKL er samd i avgjersla.
Smittesituasjonen i kommune – info frå kommuneoverlege.	Mange smitta dei siste 14 dagane. Har dialog med FHI og det er pr. dato ikkje nødvendig å gjera tiltak. Det er etablert mobilt team for testing i skular og barnehagar i samsvar med ny nasjonal forskrift. Lenkja til informasjon på Øygarden kommune si heimesida.	KKL er informert.

Oppdrag frå Statsforvaltar – planlegging for scenario 1, 2 og 3.	Avdelinga Tryggleik har laga ROS mal for bruk i kommune. Startar opplæring neste veke av leiarar ute i kommunalsjefområda.	KKL er informert og samd i avgjersla.
Informasjon	Kort informasjon etter KKL	Det vert laga ei kort melding på nettsida om at det ikkje vert ending i smitteverntiltaka, men at ein framleis oppmodar om å nytta munnbind der det ikkje er mogleg å halda nødvendig avstand.